

# Kraft, industri, kompetanse og strukturendring

## NHO SOGN OG FJORDANE

meiner at ein storkommune i Sogn vil gje både slagkraft utetter og vekstkraft innerter. Regionen har alt ein storkommune treng for å gjere seg gjeldande næringsmessig og attraktiv befolkningsmessig.

Sogn regionråd består av åtte kommunar: Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Kommunane representerer eit folketal på 28 000 innbyggjarar, noko som er viktig i vår strukturvurdering.

Det herskar heller ingen tvil om kva regionsenteret skal heite. Sogndal ligg geografisk som eit nav midt i regionen. I regionalplanen til Sogn regionråd heiter eitt av satsingsområda «Sogndal si rolle som regionsenter», noko vi tolkar i retning av at det er brei semje blant partane om at Sogndal er og blir senteret i regionen. I seg sjølv er dette ein god start på ei viktig strukturdrøfting.

**RETT NORD OG** rett sør for Sogndal ligg Luster og Aurland. Store kraftkommunar i fylket og i regionen. Resultata av målingane i NHOs BerekraftNM 2012, som blei offentleggjort i sommar, viser at Aurland ligg på ein fin 4.-plass i fylket når det gjeld berekraft innanfor dei fire områda som blei målt: Kompetanse, Demografi, Arbeidsmarknad og Økonomi. Dette er ei kraftig forbetring sidan førre måling. Kommunen gjer det bra på alle område bortsett frå Kompetanse, og pendlinga er så vidt i balanse. Luster er på si side ein stor utpendlarkommune. 879 personar pendlar ut, og 265 pendlar inn. Luster skårar heilt på det jamne på dei ulike parametra, og ligg på ein 7.-plass i fylket. Luster sin styrke grunnast m.a. kort veg til Sogndal. Det veg opp for ein relativt svak arbeidsmarknad.

**LEIKANGER LIGG PÅ 2.-plass** i fylket totalt sett, og på Kompetanse inntek Leikanger bronseplassen på landsbasis. Dette skuldast sjølvstekt fylkesadministrasjonen og anna offentlig administrasjon. Leikanger har ei netto innpendling på 393 personar. Offentlege kompetansearbeidsplassar er det Leikanger kan by på inn i ein storkommune.

**VIK KJEM GREITT** ut på Arbeidsmarknad, men har ei netto utpendling på 137. Samla sett hamnar denne industri- og landbrukskommunen midt i fylkestabellen. Når det gjeld Årdal, har

### Fakta:

- Sogn regionråd arrangerer arbeidsmøte 28. september som skal gje innhald til regionalplanen dei neste fire åra. I forkant av møtet publiserer Sogn Avis ein kronikkserie. Den første stod måndag.



**KOMPETANSE:** Utanom Sogndal, i stor grad grunna høgskulen, skårar kommunane dårleg på demografi i NHOs BerekraftNM.

kommunen fram til det siste skåra bra både på Arbeidsmarknad og Økonomi. Men no skjer det ting som kan endre bildet. Med sine industriarbeidsplassar vil Årdal uansett representere eit viktig tillegg til det offentlege og primærnæringsane som pregar dei fleste andre kommunane i Sogn. Lærdal hamnar i botnen av tabellen for Sogn. Lærdal har bra med kraftinntekter som kjem godt med i storkommunen, og Lærdal vil få mykje draghjelp i retur i form av det dei manglar og skårar lågt på i BerekraftNM.

Dei store kraftinntektene i Sogn-regionen vil gje storkommunen eit godt utgangspunkt. Telemarksforsking har gjennomført ein utgreiing som syner at om det blir fleire innbyggjarar i ein kommune så vil kommunens konsesjonskraftinntekter også auke. Årsaka er at ein kommune berre har lov til å ta ut konsesjonskraft tilsvarande kommunens «alminnelege forbruk». Fleire innbyggjarar betyr uttak av meir konsesjonskraft, som kommunen tener gode pengar på. Desse inntektene blir heller ikkje avkorta mot rammetilskotet, så her er det ein nettoeffekt frå år éin. Dette bør Sogn regionråd rekne på.

**VED Å SJÅ** på desse åtte kommunane i fugleperspektiv meiner vi dei samla sett har styrke i form av kompetansearbeidsplassar, offentlege og private arbeidsplassar, kraftinntekter, samt relativt gode kommunikasjonar i form av vegar. Men kommunane manglar folk. Utanom Sogndal, i stor grad grunna høgskulen, skårar alle dårleg på Demografi i NHOs BerekraftNM. Folk blir eldre og unge folk kjem ikkje flyttande. Dette vil vere ei av dei store utfordringane for småkommunane framover. For å klare dei framtidige utfordringane meiner vi kommunane må tenkje større, effektivisere og oppnå stordriftsfordelar for kunne klare alle oppgåvene ein kommune i dag har. Det er umuleg å få vekst og utvikling utan tilflyttarar. Og vi trur at ved å gjere fagmiljøa i det

offentlege større og betre, vil det kunne trekkje til seg nye krefter også innan privat sektor fordi mange unge i dag set det å ha eit stort og godt fagmiljø på jobb høgt på lista. Slik styrkar ein også det samfunnsmessige og sosiale miljøet.

**Å HA VELFUNGERANDE** kommunar er viktig for NHO og det private næringslivet. For at Sogn skal kunne vekse og utvikle seg må bedrifter og gründerar møte eit effektivt og kompetent offentlig system og personar som kan behandle saker og førespurnader på ein god og effektiv måte. Fleire kommunar manglar nøkkelpersonar og viktig fagkompetanse som bedriftene er avhengig av for å til dømes komme i gang med satsingar.

«Sats på skulen – snu Sogn» handlar om å skape betre kommunale tenester, byggje omdøme og marknadsføre ein spennande region. Prosjektet ynskjer å få dei unge til å sjå mulegheiter lokalt; ei framtid i Sogn. NHO og Ungt Entreprenørskap er med i programstyret i prosjektet som starta i 2006. Ei evaluering som er gjort strekar under at grunna prosjektet har regionen lagt i forkant av nasjonale føringar, både i skulen og i barnehagen. Kommunane og skulane har vore tidleg ute i høve til implementering av nasjonale føringar og prosjektet har ført til at regionen har lagt i spissen med omsyn til fleire sentrale utfordringar. NHO Sogn og Fjordane er glade for at prosjektet blir vidareført og trur det er særskilt viktig å leggje den gode plattformen for grunnutdanninga, på kvalitet, men ikkje minst opplevinga til den enkelte elev med tanke på at ein ønskjer at eleven skal flytte tilbake til regionen om ein vel å reise ut for å ta utdanning.

**EIN MÅTE KOMMUNANE** har løyst dei stadig veksande utfordringane sine på er å inngå samarbeid med kringliggjande kommunar. Samarbeid er bra og heilt naudsynt, men vi vil likevel

åtvare mot for stor tru på at interkommunale samarbeid vil vere tilstrekkeleg for å handtere auka oppgårevolum og sakskompleksitet, og attpåtil kunne berge kommunane frå det nokre oppfattar som samanslåingsspekulaset. Vi minner også om dei demokratiske utfordringane som ligg i den interkommunale praksisen. Dei folkevalde får unekteleg mindre innverknad når halvspikra avtalar og prosjekt er inngått administrativt mellom fleire kommunar før dei kjem opp i dei ulike kommunestyra. Det har nemleg vist seg vanskeleg for éin kommune å endre på vedtak og prosessar som andre samarbeidskommunar har velsigna, og gjerne lagt til rette i startgropa. Ei undersøking frå Telemarksforsking syner at kommunar kan vere involvert i opptil 120 ulike samarbeid. Då seier det seg sjølv at her vil det demokratiske aspektet bli langt betre tatt vare på i ein storkommune, der eitt folkevalt organ er «hands on» og tek ei kvalifisert avgjerd på vegner av t.d. kommunen «Sogn».

**NHO SOGN OG FJORDANE** ønskjer Sogn regionråd lukke til vidare i arbeidet med å stake ut retninga og strategiar for regionen og håpar kommunesamanslåing blir sett høgt opp på agendaen. Ein kommune med oppunder 30.000 innbyggjarar vil ha rimeleg stor slagkraft, også nasjonalt.



**Jan Atle Stang**  
Regiondirektør  
NHO Sogn og  
Fjordane  
**KRONIKK**



**Marit Gjerstad**  
Rådgevar NHO  
Sogn og Fjordane  
**KRONIKK**